



Indianar-gjenta.

Det er ikkje so mange aar sidan, det livde ei liti indianar-gjente, som heitte Momo. Indianararne er i Amerika, veit du, og Momo budde langt sudpaa, der dei hev vinter, naar me hev sumar, men der det ikkje snøgar um vinteren, men berre regner. Naar det regnde, so sat Momo heile dagen i døri til far sine hus og lydde paa stormen, forleids han flagad seg, og paa elvi, som reiv jord ut or bardom, so det datt store tre

ned, som elvi tok med seg til havet. Stova var so liti, og stormen var so hard og sterk: han kunde taka henne, og elvi kunde bera henne langt avstad paa ryggen sin som ei liti avrivi lauvsblette. Det var ei leid tid fyr henne Momo stakar, denne regntidi, som vinteren var. Nofo um fenn drog regnet seg gjenom takdekket av palmekvist, til alt var vaatt, og ho fekk ikkje sova lenger i den vesle hengefengi si. So skjemdest det ut det dei hadde av bananar og pifang og korn og av fjot, som var sfore i lange remfor og turka i foli, og dei laut svelta. Mavarri, faer til Momo, tok daa den gamle byrsa si, som hadde eit laup mest so langt som han sjelv, og gjekk ut; men truleg vilde han ikkje koma att med anna en seg sjelv og den lange byrsa, for jamvel dyri og fuglarne hadde gjøymt seg burt fraa den faele vinden.

Naar det ikkje regnde, so var det ovleg fint i landet der Momo var. Grafet voks langt og grønt, og vinden, som leikad med dei blifrande bladi, song so blidt som ei moer, som svæver det vesle barnet sitt. Over hovudet hennar flirrad palmebladi som vifings sverd, og fuglar med ovfin fjor ropad paa kvarandre med undersame tonar. Momo meinte, dei talad aat henne, og ho hadde lifsom eit umframs maal, ho svarad deim med. Some tider sat ho time etter time paa dei høge bradderne av elvi, som no rann so stilt av stad og skjein i solljoset som ein straum av braana gull, og ho pratad solenge, at dei braakande papegøyarne sette dei smaae floke hovudi til vers og lydde, og den rædde kolibrien furrad som ei stor bie so tet burt aat den uskyldige handi hennar, at ho kunde hava trive han um ho hadde vilt.

Men det vilde ho ikkje, ho hadde aldri med vilje gjort skade paa nofo slag liv.

Naar faer hennar var paa veiding all dagen, medan moer stelte i den vesle aakeren elder sankad bananar nere ved elvi, var desse onnuge smaae skapningar det einaste selskapet Momo hadde, og ho var glad i deim. Samvel dei svære firfislorne, som saag so ville ut med den piggutte ryggen og ormesperden, og som var grøne i grafet og vart brune i sfogen, var so lite rædde henne, naar dei laag og laugad seg i foli, at dei vart liggjande og berre blunkad, naar ho gjekk framum deim.

Tordivlarne furrad og engsprettorne gnissad taugt i den varme

lufti; dei let ikkje henne skræma seg; det saag ut til dei visste, at ho vilde ikkje gjera deim noko vondt. Men av deim alle likad ho fivrelldi best. Der var store flokkar av deim fringum huset til Momo, med alle slag liter og skap og storleik. Some dagar var der berre gule og kvite; so kom der mange ymse slag fraa skogen, og dei skjein med alle liter, ein kann tenkja seg. Momo saag deim koma og kverva burt att, koma og kverva burt att alt i eitt, og av det kom det underlege tankar upp i det vesle ho vudet hennar.

Ho hadde aldri høyrte um gode aander, men faer hennar hadde otte fyr ei vond aand, som han trudde var i myrkret og stormen. Um natti, naar der flaug ein lom og skreif paa sin uhyggjelege maate, so vaknad Mavarri og han sae, det var Ukobo, den vonde aandi, som var ute og for. Men fivrelldi dei var ljose, dei var glade i soli. Dei gjorde ikkje noko uhyggjelegt braaf. Dei hadde tidt kome inn aat andlitet til Momo og hadde ikkje gjort henne nokon skade, men den vonde aandi had de ho høyrte fangad menneskior og aat deim. Soleids kom Momo til tenkja, at fivrelldi var gode aander, og ho sae til deim, at dei jamt maatte vera snilde mot henne; ho vilde vera snild mot deim; det var so ho lifetil bad til deim.

Og naar ho fann ei av sine gode aander daud, so lagde ho henne i ei grav ein staden det var fint, der det var sol.

Ein dag kom der framand-folk dit Momo budde, ikkje folk som var brune, som gjeff stilt og vart, som svallad lognt, slike som plagad koma til faer hennar; nei dei var so rare: ho vart litt rædd deim. Dei var kvite, hadde skjegg og langt haar. Dei hadde hovudplagg og dei hadde so rare flæde. Dei saag magre og trøytt ut; men lifevæl log dei og talad eit maal, som Momo ikkje skynad, men som ho totte var so hardt. Det fylgde deim nokre indianarar, og dei bar tunge byrder fyr deim. Ranoarne (baatarne) deira laag i elvi, og dei var full-ladde. Indianararne talad aat faer til Momo; det gjorde ein av dei framande og, og daa talad han landsens maal. So kveifte dei upp ein stor eld framfyr huset, og dei saud og aat undarlege ting, som dei tok upp or askar som var so det skjein av deim. Momo tok upp ein av askom, som dei hadde tømt og kasta burt, og mannen, som hadde tala aat faer

hennar, saag det og ropad paa henne paa hennar eige maal: „Kom hit du vesle!”

Det var ein stor mann med langt raudt skjegg, men han hadde klaare blaae augo og mildt maal, og Momo var ikkje rædd honom. Han tok henne um livet, medan han sat paa marki, og han spurde henne, kvi ho hadde tekje affen.

„For han er so fin”, svarad ho.

Han tok ein rund gul ting upp or lumma og syntte henne den. „Er ikkje den finare?” spurde han.

„Nei daa!” sae Momo. „Han er so liten den so, og so fkin han ikkje so.”

Mannen sae eitkvart, ho ikkje skynad, og so log dei andre, og Momo skynad, dei log aat henne, og so vart ho reint vond. Men mannen heldt henne fast, og so sveiv der ein stor fjelde med fivrelld fring um hovudet hennar. Dei andre vart upp i under; dei ropad eitkvart, som Momo ikkje skynad, men det var: „Aa nei, for fint!”

„Fivrelldi er nok glade i henne dei”, sae han, som heldt fast i henne, og som var ein godt lærd profesfor, „ho kann hjelpa meg aa faa fivrelld til samlingen min.”

So snudde han seg til Momo og sae paa maalet hennar: „Fivrelldi er ikkje rædde deg dei, gjenta mi.”

„Nei daa!” svarad Momo.

„Du kunde vist fanga deim du”, sae han.

„Nei det hev eg aldri gjort”, sae ho reint undri.

„Eg maa hava nokre av deim eg”, sae han; „fyr kvart fivrelld du kann giva meg, skal du faa slik ein ast, som du hev i handi. Forstend du det eg segjer?”

Jau, ho forstod det godt; det heite raude blodet gjorde dei brune vangarne hennar myrke, ho kastad affen fraa seg i sinne og ropad: „Eat meg gaa! Du maa vera fjelbe Afobo du! Men du skal ikkje faa ei einaste av mine gode aander, nei du skal ikkje faa ei einaste!”

Ho stridde og vilde laus, men raudskjeggen heldt henne fast, og han spurde henne, og ho fortalde um sine gode vener fivrelldi, at dei varde henne mot det som vondt var.

Mannen vart onnorleids i andlitet, daa ho fortalde detta, og so flapp han henne og let henne gaa.

Fyrr dei framande reiste morgonen etter, hengde profesforen den gule runde tingen, som ho totte ikkje var so fin som asken, i eit band um halsen hennar. Der var ellest askar nok etter deim, og Momo fantad deim ihop og sette seg til sjaa paa kanoarne, som rodde ned etter elvi, medan fivreldi sveiv rundt um henne. Mannen vittad til henne med hatten sin, og so snudde kanoen rundt eit nes, og so var der ikkje anna att etter deim en ein stref i vatne, som saag ut som eit gull-band.

—

Regntidi hadde kome: fraa dei høgste bakkom til dei laagaste slettom hadde landet vorte til sjø og myr. Den vitringsferdi, som me hev høyrte um, var daa paa slettom ved mynnet av Estrella-elvi i Brasilia; vatnet hadde fløynt hver allstad. Det var den 29de juli 1873. Med ein gong tok det til blaasa hardt, og soli braut fram og steikte. Det tok til aa eima av den vaate jordi. Men med det same soli kom, syntte der seg ogso mangt elegt: allstad saag ein molar og stykkje av indianske hus, som var drivne burt i flaumen. Millom somt grasjet dukkad det upp og ned i straumen nofo av eit palmetak. Mennerne gav gaum paa det, avdi det sveiv eit fivrelld hit og dit fringum det.

Profesforen vilde gjerne hava tak i fivreldet, og han vasfad derburt, men han stanad braadt med ein skrif. Paa det grøne tafet laag liket av ei liti indiansk gjente med smil um munnen og med ein 10-dalar av gull um halsen.

Og fivreldet sveiv hver den vesle gjenta, som laag der so still, endaa vengerne var sundbrotne, og det draup regn av deim. Den vesle skapningen som ho ikkje vilde gjera vondt, hadde vore tru mot Momo til det fiste.